



FLORA
KOMMUNE

Innkalling til Fellesnemnda Flora/Vågsøy

Møtedato: 26.09.2017
Møtestad: Vågsøy kommune, formannskapssalen 3.etg.
Møtetid: 13:00 - 15:30

Den som har lovleg forfall, eller er ugild i nokon av sakene, må melde frå så snart råd er, tlf. 57 75 60 00, eller til organisasjonogpersonal@flora.kommune.no, slik at varamedlem kan bli innkalla.

Varamedlemar møter etter nærare innkalling. Alternative framlegg til vedtak i nokon av sakene kan du sende på e-post til framlegg@flora.kommune.no.

Kristin Maurstad
leiar

Rolf Bjarne Sund
sakshandsamar

Sakliste

Saknr.	Tittel
014/17	Godkjenning av møtebok
015/17	Refererte skriv og meldingar Referat 2 møte leiargruppane 18 sept 2017
016/17	Brev til KMD om arbeidsgjevaravgift ...s30
017/17	Førebels opplegg for organisering av prosjektet, Kinn kommune ...s33
018/17	Informasjon frå rådmennene til Fellesnemnda i møte 26 sept 2017 ...s47

Saksframlegg

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
014/17	Fellesnemnda Flora/Vågsøy	PS	26.09.2017

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Arne Schei	K1 - 033	17/2465

Godkjenning av møtebok

Framlegg til vedtak:

Møteboka vert godkjent slik den ligg føre.

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.



FLORA
KOMMUNE

Saksopplysingar:

32T
Protokoll - Fellesnemnda Flora/Vågsøy - 19.09.2017



Møteprotokoll for Fellesnemnda Flora/Vågsøy

Møtedato: 19.09.2017
Møtestad: Vågsøy kommune, formannskapssalen 3.etg.
Møtetid: 13:00 - 15:30

Desse møtte frå Flora:	Parti
Bente Frøyen Steindal	Arbeidarpartiet
Ola Teigen	Arbeidarpartiet
Hanne Eva H. Kristensen	Høgre
Jacob Nødseth	Samlingslista
Jan Henrik Nygård	Venstre
Wenche Kvalvik	Tillitsvalgt
Thor Albrektsen	Ungdommens bystyre
Desse møtte frå Vågsøy:	Parti
Kristin Maurstad	Arbeiderpartiet
Edvard Iversen	Venstre
Rolf Domstein	Høgre
Nils Myklebust	Senterpartiet
Ingunn Frøyen	Tillitsvalgt
Amila Adzemovic	Ungdomsrådet

Møteleiar: Kristin Maurstad
Merknad til innk.: Ingen merknad
Godkj. sakliste: Ordførar Kristin Maurstad foreslo å behandle sak 012/17 etter sak 008/17. Det vil også bli satt opp ei fast sak til kvart møte; Orienteringssaker. I dag vil denne saka bli behandla etter sak 007/17. Sakliste godkjent.
Frå adm. møte: Rådmennene Terje Heggheim og Knut Ove Leite. Prosjektmedarbeidar Rolf Bjarne Sund, sekretær Irene Sivertsen
Utlevert i møtet:
Orientering:
Spm./interpell.:
Synfaring:
Ymse: Neste møte tysdag 26.09.2017, Måløy kl 13-15.30.

Aktuelle saker for møtet:

- Orientering frå rådmennene om store og komande prosjekt som pågår i kommunane
- Diskutere politisk organisering av den nye kommunen
- Informasjonsstrategi
- Innspel om mulige tankar rundt ekskursjon/fagtur for nemnda på nyåret

-Starte arbeidet med å danne ei oversikt over interkommunale samarbeid;
kva skal løysast i lag

Det kom også innspel om at fellesnemnda bør invitere næringslivet/organisasjonar til å halde innlegg om krav og forventningar for nye Kinn kommune.

Sak til behandling:

Det vil bli laga til ei sak til eit komande møte ang. innspel frå Jacob Nødseth:

«Det skal utarbeidast eit skriv til Departementet om problemstillingane ang. arbeidsgjevaravgifta slik at dagens Vågsøy kommune ikkje opplever at denne avgifta vert auka som konsekvens av samanslåinga med Flora. Dette skal leggest fram for nemnda så fort som mogleg.»

Sakliste

Saknr.	Tittel
007/17	Godkjenning av møtebok
008/17	Orienteringssaker
009/17	Deltaking i prosjektet: "fornyng og utvikling av lokaldemokratiet i kommuner med vedtak om sammenslåing"
010/17	Informasjonsstrategi for etablering av Kinn kommune
011/17	Oppretting av partssamansett utval, val av medlemmar
012/17	Søknad om å fråvike ulike reglar - blant anna om eigedomsskatt
013/17	Tilsetting prosjektrådmann Kinn kommune, vidare prosess

007/17: Godkjenning av møtebok

Framlegg til vedtak:

Møteboka vert godkjent slik den ligg føre.

Handsaming:

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak:

Møteboka vert godkjent slik den ligg føre.

008/17: Orienteringssaker

Framlegg til vedtak:

Prosjektleiing Kinn kommune

Rådmann Terje Heggheim orienterte. Rådmennene ønskjer å få på plass ein prosjektmedarbeidar i påvente av tilsetting av prosjektrådmann Kinn kommune. Rådmennene foreslo Rolf Bjarne Sund.

Leiarsamling 18.09.2017

Presentasjon ved rådmennene Terje Heggheim og Knut Ove Leite.

Hamneorganisering

Jan Henrik Nygård og rådmann Knut Ove Leite orienterte.

Handsaming:

Fellesnemnda tek orienteringane til vitande.

Vedtak:

Fellesnemnda tek orienteringane til vitande.

009/17: Deltaking i prosjektet: "fornyning og utvikling av lokaldemokratiet i kommuner med vedtak om sammenslåing"

Framlegg til vedtak:

Fellesnemnda for oppretting av Kinn kommune vedtek å melde kommunane Vågsøy og Flora på prosjektet "Fornyning og utvikling av lokaldemokratiet i kommuner med vedtak om sammenslåing.

Handsaming:

Rådmennene Terje Heggheim og Knut Ove Leite orienterte.

Røysting:

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak:

Fellesnemnda for oppretting av Kinn kommune vedtek å melde komunane Vågsøy og Flora på prosjektet "Fornyning og utvikling av lokaldemokratiet i kommuner med vedtak om sammenslåing.

010/17: Informasjonsstrategi for etablering av Kinn kommune**Framlegg til vedtak:**

1. Det blir gjennomført ein konkurranse med hensikt å få på plass ein samarbeidspart som kan bistå i arbeidet med utvikling av informasjonsstrategi for etablering av Kinn kommune.
2. Før sak om informasjonsstrategi leggjast fram for Fellesnemnda for endeleg handsaming, skal det gjennomførast arbeidsmøte i fellesnemnda om informasjonsstrategien.

Ordførar Kristin Maurstad fremma nytt punkt 3:

«Administrasjonen får mynde til å velje tilbydar».

Handsaming:**Røysting:**

Det vart først røysta over punkt 1 og 2. Dette vart samrøystes vedteke.

Det vart så røysta over punkt 3. Denne vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Det blir gjennomført ein konkurranse med hensikt å få på plass ein samarbeidspart som kan bistå i arbeidet med utvikling av informasjonsstrategi for etablering av Kinn kommune.
 2. Før sak om informasjonsstrategi leggjast fram for Fellesnemnda for endeleg handsaming, skal det gjennomførast arbeidsmøte i fellesnemnda om informasjonsstrategien.
 3. Administrasjonen får mynde til å velje tilbydar.
-

011/17: Oppretting av partssamansett utval, val av medlemmar**Framlegg til vedtak:**

Følgjande er vald som medlemmar i partsamasett utval:

Frå Vågsøy kommune _____

Frå Flora kommune _____

Frå arbeidstakar-
organisasjonane i
Vågsøy _____

Frå arbeidstakar-
rganisasjonane i
Flora _____

Handsaming:

Følgjande vart fremma som politiske medlemmar i partsamansett utval:

Frå Vågsøy kommune: Edvard Iversen (nestleiar), Kristin Maurstad, Nils Myklebust

Frå Flora kommune: Jan Henrik Nygård (leiar), Bente Frøyen Steindal

Vara, i rekkefølge, felles for Vågsøy og Flora: Ola Teigen, Rolf Domstein, Hanne Kristensen, Jacob Nødseth.

Frå arbeidstakarorganisasjonane i Vågsøy er desse valt:

Medlem: Ingunn Frøyen, Utdanningsforbundet

Vara: Berit Skavøypoll

Medlem: Heidi Rønhovde, Fagforbundet

Vara: Lindis Husevåg

Medlem: Linda Lågeide, Hovudverneombod

Frå arbeidstakarorganisasjonane i Flora er desse valt:

Medlem: Reidar Knapstad, Utdanningsforbundet
Vara: Christer Solheim Reksten

Medlem: Norunn Midthjell, Norsk sjukepleiarforbund
Vara: Britt Madsen, Delta

Fellesnemnda ønskjer at hovudverneombod frå begge kommunane skal ha observatørstatus i partssamansett utval. Frå Vågsøy har Linda Lågeide blitt valt. Flora kjem tilbake med valt representant.

Ordførar Kristin Maurstad informerte at mynde til nemnda vil bli satt opp som ei eiga sak til fellesnemnda 31.10.2017.

Røysting:

Fellesnemnda voterte samla over dei politisk valde. Desse vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Politiske representantar:

Leiar: Jan Henrik Nygård

Nestleiar: Edvard Iversen

Medlemmar:

1. Kristin Maurstad
2. Bente Frøyen Steindal
3. Nils Myklebust

Vararepresentantar:

1. Ola Teigen
2. Rolf Domstein
3. Hanne Kristensen
4. Jacob Nødseth

Frå arbeidstakarorganisasjonane i Vågsøy:

Medlem: Ingunn Frøyen, Utdanningsforbundet

Vara: Berit Skavøypoll

Medlem: Heidi Rønhovde, Fagforbundet

Vara: Lindis Husevåg

Observatør: Linda Lågeide, Hovudverneombod

Frå arbeidstakarorganisasjonane i Flora:

Medlem: Reidar Knapstad, Utdanningsforbundet

Vara: Christer Solheim Reksten

Medlem: Norunn Midthjell, Norsk sjukepleiarforbund

Vara: Britt Madsen, Delta

Observatør: Kjem tilbake til hovudverneombod

012/17: Søknad om å fråvike ulike reglar - blant anna om eigedomsskatt

Framlegg til vedtak:

1. Flora bystyre og Vågsøy kommunestyre ber Kommunal- og moderniseringsdepartementet gjer unntak frå lov av 6. juni 1975 nr. 29 om eigedomsskatt til kommunane (eigedomsskattelova) § 13, slik at det kan vedtakast ulik skattesats i ein overgangsperiode fram til og med 2021.
2. Vedtekter og forskrifter som gjeld i kommunane Flora og Vågsøy skal fortsatt gjelde for vedkommande område i den nye kommunen til nye lokale vedtekter og forskrifter er gitt av nytt kommunestyre. Vi ber Kommunal- og moderniseringsdepartementet fastesette frist for fastsetting av nye vedtekter og forskrifter til 31.12.2021.
3. Kommuneplanane etter plan- og bygningslova kapittel 11, inkludert arealdelen, gjeld inntil det nye kommunestyret har vedtatt nye planer for den nye kommunen. Det same gjeld reguleringsplaner etter kapittel 12 i lova. Seinast eitt år etter konstituering av det nye kommunestyret skal det ligge føre ein samla kommunal planstrategi, jf. plan- og bygningslova § 10-1.

Handsaming:

Rådmann Terje Heggheim orienterte.

Nils Myklebust stilte spørsmål ang. Retaksering i Vågsøy kommune. Fellesnemnda diskuterte kring prosessen for retaksering i Vågsøy kommune.

Røysting:

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Flora bystyre og Vågsøy kommunestyre ber Kommunal- og moderniseringsdepartementet gjer unntak frå lov av 6. juni 1975 nr. 29 om eigedomsskatt til kommunane (eigedomsskattelova) § 13, slik at det kan vedtakast ulik skattesats i ein overgangsperiode fram til og med 2021.
2. Vedtekter og forskrifter som gjeld i kommunane Flora og Vågsøy skal fortsatt gjelde for vedkommande område i den nye kommunen til nye lokale vedtekter og forskrifter er gitt av nytt kommunestyre. Vi ber Kommunal- og moderniseringsdepartementet fastesette frist for fastsetting av nye vedtekter og forskrifter til 31.12.2021.
3. Kommuneplanane etter plan- og bygningslova kapittel 11, inkludert arealdelen, gjeld inntil det nye kommunestyret har vedtatt nye planer for den nye kommunen. Det same gjeld reguleringsplaner etter kapittel 12 i lova. Seinast eitt år etter konstituering av det nye kommunestyret skal det ligge føre ein samla kommunal planstrategi, jf. plan- og bygningslova § 10-1.

013/17: Tilsetting prosjektrådmann Kinn kommune, vidare prosess

Framlegg til vedtak:

Saka vert sendt ut utan tilråding.

Handsaming:

Rådmann Terje Heggheim fråtredde møtet under Fellesnemnda si behandling av saka. Rådmannen tiltredde møtet etter behandlinga.

Ordførar Kristin Maurstad orienterte. Headvisor har blitt tildelt kontrakt for å bistå i rekrutteringsprosessen.

Leiar i fellesnemnda har i dag hatt drøftingsmøte med tillitsvalde frå Flora og Vågsøy. Dei tillitsvalde hadde følgjande innspel:

Langteksten:

Bruke "bygge" nye Kinn kommune i både ingress og første avsnitt (i staden for "skape").

Åremål er ikkje nemnt, ber nemnda vurdere om åremål er det rette.

Ønskjer å velje eit tilsetjingsutval som består av leiar og nestleiar i nemnda og dei to tillitsvalde.

Senior rådgjevar Jan Tveit frå Headvisor orienterte om prosess og framlegg til utlysingstekst.

Framlegg til vedtak frå Fellesnemnda, endringar i høve framlagt utlysingstekst:

1. Leiar og nestleiar samt to frå dei tillitsvalde, utgjer rekrutteringsutvalet.
2. Utvalet innstiller til fellesnemnda.
3. Rekrutteringsutvalet får fullmakt til å vurdere tidsfristane undervegs.
4. I utlysingsteksten skal det stå ... «byggje», ikkje skape.
5. I utlysingsteksten skal det stå «...i ein større organisasjon».
6. Stillinga skal lysast ut på vanlege vilkår, ikkje åremål.
7. I teksten skal det stå «byane Måløy og Florø», ikkje sentera.

Røysting:

Punkt 1 samrøystes vedteke.

Punkt 2 samrøystes vedteke.

Punkt 3 samrøystes vedteke.

Punkt 4 samrøystes vedteke.

Punkt 5 samrøystes vedteke.

Punkt 6 vedteke mot 1 stemme.

Punkt 7 samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Leiar og nestleiar samt to frå dei tillitsvalde, utgjer rekrutteringsutvalet.
 2. Utvalet innstiller til fellesnemnda.
 3. Rekrutteringsutvalet får fullmakt til å vurdere tidsfristane undervegs.
 4. I utlysingsteksten skal det stå ... «byggje», ikkje skape.
 5. I utlysingsteksten skal det stå «...i ein større organisasjon».
 6. Stillinga skal lysast ut på vanlege vilkår, ikkje åremål.
 7. I teksten skal det stå «byane Måløy og Florø», ikkje sentera.
-

Saksframlegg

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
015/17	Fellesnemnda Flora/Vågsøy	PS	26.09.2017

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Arne Schei	K1 - 033	17/2465

Refererte skriv og meldingar

32T

Saksnummer	Tittel
	Referat 2 møte leiargruppane 18 sept 2017

Framlegg til vedtak:

Refererte skriv og meldingar vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.



FLORA
KOMMUNE

Saksopplysingar:

Referat

2. dialogmøte mellom leiargruppene i Vågsøy og Flora.

Stad

Måløy, kommunehuset

Tid

18.09.17 frå kl. 0930 – til kl. 1500

Tilstade

Terje Heggheim, Anders Moen, Linda Nipen, Norunn Stavø, Ingunn Frislid, Kari Støfringsdal, Berit Osa, Arve Klokk, Møyfrid Elingsund, Trond Ramstad Olsen og Rolf Bjarne Sund Flora kommune.

Knut Ove Leite, Jeanette Jensen, Ellen Jåvold, Henrik Skovly, Rita Annett Kvamme

Wenke Kvalvik, Tilitsvald Flora kommune

Heidi Rønnehovde og Ingunn Frøyen, Tilitsvald Vågsøy kommune

Sak	Kva
Sak 1. Status arbeidet i Fellesnemnda, adm. resurs mm. Knut Ove og Terje.	<ol style="list-style-type: none">1. Knut Ove hadde ein kort gjennomgang av reglementet for Fellsenemnda. Reglementet seier mellom anna at rådmennene har ansvar for- og rett til å leggje fram saker for fellesnemnda inntil prosjektrådmann er på plass. Dette etter avtale med kvarandre.2. Rolf Bjarne blir frigjort frå si stilling som plansjef i Flora slik at han kan arbeider 100% som prosjektmedarbeidar i samanslåingsprosjektet.
Sak 2. Gjennomgang av prosjekt-organisasjon for Nye Asker og andre kommunar	Rolf b gikk gjennom prinsipp for korleis dette er gjort i Nye Asker. Møtet kom fram til at det vil vere hensiktsmessig å organisere vårt arbeid etter mal frå Nye Asker. Vi må sjølvstilt tilpasse omfang og løysingar til dei oppgåve og utfordringane vi skal løyse.
Sak 3. Overordna tankar/prinsipp for korleis vi skal organisere vårt prosjekt.	Intensjonsavtalens føringer legges til grunn for den administrative programorganiseringen med særlig vekt på kapitlene om: <ul style="list-style-type: none">• Kommunale tjenester• Økonomisk politikk / bærekraftig økonomi• Kommunen som arbeidsgiver (herunder kompetanseutvikling, digitalisering og innovasjon)• Samfunn og samfunnsutvikling Det etableres egne prosjekt for alle områder/tema som vil bli berørt av sammenslåingsprosessen (ingen tema bør være «uplassert») Det tas særlig hensyn til ivaretagelsen av sektorovergrepene tema så som: <ul style="list-style-type: none">– Digitalisering– Kommunikasjon– Økonomi– Verdival/vegval for den nye kommunen må gjerast gjennom .

<p>Sak 4. I kva for tema skal vi organisere det administrative arbeidet</p>	<p>Sjå vedlagt power point lysark 7. Dette er ein førebels tematisering av arbeidet. Det er verdt å merke seg at det vil vere stort og heilt naudsynt behov for koordinering og arbeid på tvers av gruppene. Mellom anna så er følgjande tema sett på som heilt sentrale for koordingering.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Digitalisering • Informasjon • Økonomi
<p>Sak 5 Prinsipp for kven som skal delta i tamagruppene og korleis finansiere dette.</p>	<ol style="list-style-type: none"> 1. Arbeidet i kvar temagruppe skal vere leia av ein prosjektleiar. Denne skal frikjøpas i ein «prosent». Det kan også vere aktuelt å leige inn prosjektleiarkompetanse. 2. Kvar temagruppe kan opprette arbeidsgrupper innanfor sitt område. T.d innanfor økonomi så kan det vere naturleg å opprette gruppe for; løn, rekneskap osv. Deltagarar og resursbruk i kvar arbeidsgruppe skal klarerast med rådmennene. 3. Kommunane melder inn aktuelle deltakarar i temagruppene slik dei kjem fram av vedlagt ppt. I utgangspunktet 2 frå kvar kommune. Tillitsvalde vil ha ein plass i kvar gruppe. I gruppene som gjeld leiing og personale vil tillitsvalde få to plassar i gruppa; ein frå kvar kommune. Frist for innmelding av deltakarar er 12 oktober.
<p>Sak 6 Neste møte</p>	<p>16 oktober i Florø frå kl. 0900 -1530</p>
<p>Sak 7 Andre ting</p>	<ol style="list-style-type: none"> 1. Alle større innkjøp, prosjekter, mm som vil få konsekvensar for Kinn kommune skal meldast til Rolf bjarne som igjen klarar dette med rådmennene. 2. Før utlysing etter nye tilsette innanfor stabar, plan og andre sentrale stillingar i kommunen skal dette meldast Rolf bjarne som koordinerer mot rådmennene.



Kinn kommune

Stortinget vedtok samband med handsaming av Prop. 96 S (2016-2017),
Innst. 386 S (2016-2017) den 08.06.17, **Endringer i kommunestrukturen** i
vedtak 831 følgjande:

*Vågsøy kommune og Flora kommune slås
sammen senest fra 1. januar 2020.
Bremanger består som egen kommune.*



Kinn kommune

Sentrale milepælar i samanslåingsprosessen

Hending	2017		2018				2019			
	k3	k4	k1	k2	k3	k4	k1	k2	k3	k4
Tilsette prosjektrådmann										
Utarbeide og vedta prosjektplan										
Etablere prosjektorganisasjon										
Detaljplanlegge kvart delprosjekt										
Utgreie og vedtak politisk struktur										
Utgreie og vedta administrativ struktur										
Detaljplanleggje i kvart delprosjekt										
Tilsette toppleiargruppe og andre sentrale stillingar.										
Siste førebuingar til samanslåing										

Dato 29.06.17	Adm leiargruppe	Florø	<ul style="list-style-type: none"> Første møte for å bli kjende samt sjå på eksisterande organisering av kommunane. 	
Dato 25.08.17	K.styrene	Raudeberg	<ul style="list-style-type: none"> Felles kommunestyre 	Formelt møte innkalla av fm.
Dato 05.09.17	Fellesnemnda	Florø	<ul style="list-style-type: none"> Status arbeid med rekruttering av prosjektrådmann. Arbeide med prosjektplan. Prosess for rekruttering av prosjektleiar Møteplan for Fellesnemnda 	Ordførarane må i forkant ha gjennomført samtalar med rådmennene. F
Dato 18.09.17	Adm leiargruppe	Måløy	<ul style="list-style-type: none"> Arbeide med prosjektorganisering 	
Dato 19.09.17	Fellesnemnda	Måløy	<ul style="list-style-type: none"> *Møtet er aktuelt dersom stillinga som prosjektrådmann skal lysast ut eksternt. Godkjenning av utlysning og råmar for stillinga. Vedta prosjektplan 	I forkant må det evt lagast råmar og framlegg til utlysning.
Dato 26.09.17	Fellesnemnda	Måløy	<ul style="list-style-type: none"> *Møtet er aktuelt dersom intern rekruttering av prosjektrådmann Tilsettingsvedtak. Vedta prosjektplan 	I forkant må det evt gjerast eit arbeid med råmane for slik tilsetting.
Dato 16.10.17	leiargruppe	Florø	<ul style="list-style-type: none"> Arbeide vidare med prosjektplan/prosjektorganisering 	Førebles framlegg til prosjektplan blir sendt ut i forkant.
Dato 31.10.17	Fellesnemnda	Florø	<ul style="list-style-type: none"> Dersom stillinga som prosjektleiar skal lysast ut eksternt så tilsettingsvedtak. Arbeid med utfordringar knytt til deltema i prosessen. Starte arbeid med politisk organisering av Kinn kommune. 	I forkant må det gjerast eit arbeid med utveljing og intervju, samt lage innstilling.


5.4 Prinsipper for administrativ programorganisering

- Intensjonsavtalens føringer legges til grunn for den administrative programorganiseringen med særlig vekt på kapitlene om:
 - Kommunale tjenester
 - Økonomisk politikk bærekraftig økonomi
 - Kommunen som arbeidsgiver (herunder kompetanseutvikling, digitalisering og innovasjon)
 - Samfunn og samfunnsutvikling
- Det etableres egne prosjekt for alle områder/tema som vil bli berørt av sammenslåingsprosessen (ingen tema bør være «uplassert»)
- Det tas særlig hensyn til ivaretagelsen av sektorovergrepene tema så som:
 - Digitalisering
 - Kommunikasjon
 - Disse fange vi opp i samfunnsdelen.


- Ledere av alle administrative delprosjekt rapporter direkte til **programleder**.
- Prosjektledere **frikjøpes** fra deler av sin stilling for å kunne prioritere prosjektarbeidet. Graden av frikjøp avhenger av størrelsen på prosjektet som skal ledes.
- Bruk av **ekstern prosjektlederkompetanse** vurderes i prosjekter som er særlig omfattende og/eller krever en prosjektlederkompetanse som kommunene selv ikke besitter.
- Prosjektgruppene og arbeidsgruppene **settes sammen med vekt på**: fagkompetanse, erfaring fra prosjektarbeid og balanse/representativitet når det gjelder kommune, alder og kjønn.
- Prosjektgruppenes hovedoppgave er å **produsere leveranser til programmet**. For å fungere effektivt bør ikke prosjektgruppene ha mer enn 4-6 faste prosjektmedarbeidere (to eller tre representanter fra hver kommune).
- Sammensetningen av prosjektgruppene **kan justeres** avhengig av hvilken kompetanse som er nødvendig i ulike faser av prosjektet.

- Det nedsettes **egne arbeidsgrupper** for å utrede spesifikke problemstillinger, vurdere ulike alternativ eller foreta andre saks- og tidsavgrensede oppgaver. Arbeidsgruppene blir således også et virkemiddel for å ivareta bred involvering i programorganiseringen. Arbeidsgruppenes innsats skal være konsentrert over en kort tidsperiode og gruppen oppløses når deres leveranse er godkjent av prosjektleder
- Involvering av de **ansattes representanter** skal ivaretas i alle programmets faser. Tillitsvalgte bør ha en sentral plass i organiseringen av delprosjektene. Prosjektgruppene som omhandler administrativ organisering (A2) og arbeidsgiverpolitikk (A/P 2) bør ha en tillitsvalgt fra hver av kommunene. De øvrige administrative delprosjektene bør ha én tillitsvalgtrepresentant oppnevnt fra en av de tre kommunene. Tillitsvalgtes representasjon i arbeidsgruppene vurderes etter behov


Administrative prosjekter



Samhandlingsprosjekter mellom politikk og administrasjon



Politiske prosjekter





F.v. Opposisjonsleder Hilde Hoff Håkonsen, ordfører Bjørn Ole Gleditsch og rådmann Gudrun H. Grindaker i Sandefjord er blant dem som har stilt seg til disposisjon slik at KS kan gi råd til andre kommuner som skal slå seg sammen.

Erfaringer fra nye Sandefjord kommune

Fellesnemd

Nye Asker

Politiske prosjekter

Felles prosjekter mellom adm og politikk

Administrative prosjekter

Reglement Fellesnemd

Alle grupper jobber i utgangspunktet etter følgende metodikk:

1. Utarbeide et kunnskapsgrunnlag for tjenesteområdet som beskriver status, utfordringer, relevante nøkkeltall og statistikk, samt nasjonale og kommunale føringer.
2. Med bakgrunn i kunnskapsgrunnlaget, utarbeide et grunnlagsdokument som beskriver satsningsområder, mål og strategier for tjenesteutviklingen.
3. Med bakgrunn i grunnlagsdokumentet, utarbeide en organisasjonsplan for tjenesteområdet som beskriver organisering, lokalisering og rolle- og funksjonsbeskrivelser.
4. Det skal i arbeidet med grunnlagsdokumentet og organisasjonsplanen særlig tas hensyn til målsetningen om ressursoptimalisering og effektivisering av tjenestene. Effektiviseringstiltakene skal dokumenteres.
5. Arbeidet skal gjennomføres med bred medvirkning og involvering av tillitsvalgte og ansatte. Det skal utarbeides en egen plan for dette som beskriver informasjonstiltak, møteplasser, deltakelse i arbeidsgrupper mm.

Saksframlegg

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
016/17	Fellesnemnda Flora/Vågsøy	PS	26.09.2017

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Rolf Bjarne Sund		17/2484

Brev til KMD om arbeidsgjevaravgift

Framlegg til vedtak:

Brev om arbeidsgjevaravgift blir sendt til KMD slik det kjem fram av vedlagt utkast til brev

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.



Saksopplysingar:

Kva saka gjeld:

I møte i Fellesnemnda 19.09.17 blei det bestemt at det skal sendast eit brev til KMD som vise utfordringane for Kinn kommune når det gjeld arbeidsgjevaravgift. Dette med utgangspunkt at avgifta pr. i dag ikkje er lik for dei to kommunane.

Innleiing:

Vurdering:

Økonomiske konsekvensar:

Miljømessige konsekvensar:

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar mm:

32T

Brev til KMD, arbgiavgift



PÅ VEG TIL KINN KOMMUNE

Fellesnemnda for Kinn kommune
Marvegata 51
6905 FLORØ
postmottak@flora.kommune.no

Det kongelege kommunal og moderniseringsdepartement (KMD)
Regionalpolitisk avdeling
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO
postmottak@kmd.dep.no

Dato:
27 september 2017

KOMMUNESAMANSLÅING OG UHELDIGE KONSEKVEN SAR

Fellesnemnda for Kinn kommune vil peike på uheldige konsekvensar i ordninga med differensiert arbeidsgivaravgift.

Flora og Vågsøy slår seg saman til Kinn kommune 1. januar 2020. Flora har høg sats, Vågsøy låg. Om to eller fleire kommunar går i hop, vil arbeidsgivaravgifta bli som om det framleis var Flora og Vågsøy. Ingen får lågare eller høgare sats før neste revisjon som gjeld frå 1. januar 2021.

Då vil Kinn kommune bli plassert i sone med ein felles sats. Ein felles *høg* sats ser vi som ein utilsikta og uheldig konsekvens av kommunereforma.

Vi vil peike dei negative følgjene ein *høg* sats vil få for næringslivet i Kinn kommune. Vi kan ikkje sjå at dei økonomiske verkemidla i kommunereforma tar høgde for det.

Vi ber KMD om ta omsyn til det i arbeidet med revisjon av ordninga og inntektssystemet for kommunane.

Med helsing

Kristin Maurstad
Leiar

Kopi; Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Njøsavegen 2, 6863
LEIKANGER, fmsfpost@fylkesmannen.no

Saksframlegg

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
017/17	Fellesnemnda Flora/Vågsøy	PS	26.09.2017

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Rolf Bjarne Sund		17/2483

Førebels opplegg for organisering av prosjektet, Kinn kommune

Framlegg til vedtak:

Organisering av prosjektarbeidet med å få på plass Kinn kommune blir, inntil endeleg prosjektplan er vedteke, organisert slik det kjem fram av denne saka m/vedlegg. Arbeidet i gruppene kan startas opp med hovudvekt på kartlegging.

Til møte i Fellesnemnda 31.10.17 blir det lagt fram eit førebels utkast til heilskapleg prosjektplan for arbeidet med å få på plass Kinn kommune.

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.



Saksopplysingar:

Kva saka gjeld:

Vidare arbeid med prosjektorganisering/prosjektplan for til ny kommune er på plass.

Innleiing:

I møte 09. sept blei det informert om førebelse tankar om prosjektorganisering. Det arbeidet rådmennene har arbeid med i ettertid har bygd på denne orienteringa. I vedlegget visast det tre figurar som vise kva for tema det kan arbeidast innanfor. Desse er delt inn på følgjande måte:

- Reine administrative grupper/tema.
- Tema kor det er ei blanding av både politisk og administrativ deltaking.
- Reine politiske tema/grupper.

Tillitsvalde vil kunne vere representerte i alle gruppene.

Rådmennene/prosjektrådmannen vil leggje til rette for arbeid i alle grupper med faglege utgreiingar og sekretariatsfunksjon mm.

Arbeidet må gjennomførast med finansiering frå øymerka midlar sett av til samanslåinga.

Det ligg til fellesnemnda å vedta budsjett for arbeidet. Så langt ser rådmennene seg føre å dele opp hovudpostane i eit budsjett på følgjande måte.

- Politisk arbeid i nemnda og i grupper.
- Prosjektrådmann og prosjektstab
- Digitalisering
- Frikjøp av tilsette som skal vere leiarar i arbeidsgrupper.
- Frikjøp av tillitsvalde
- Kjøp av tenester
- Administrasjon

Vurdering:

Rådmennene vil peike på at det er avgjerande viktig for eit vellukka samanslåingsprosjekt at prosjektarbeidet kjem i gong tidleg. Dette gjeld både det politiske og administrative arbeidet. Difor blir det gjort framlegg om ein førebels overordna organisering slik at delar av arbeidet kan kome i gong. Dette arbeidet vil da blir gjennomført innanfor øymerka midlar sett av til arbeidet.

Økonomiske konsekvensar:

Miljømessige konsekvensar:

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar mm:



FLORA
KOMMUNE

32T
organisering av prosjekt Kinn kommune pr august 2017



Kinn kommune

Stortinget vedtok samband med handsaming av Prop. 96 S (2016-2017),
Innst. 386 S (2016-2017) den 08.06.17, **Endringer i kommunestrukturen** i
vedtak 831 følgjande:

*Vågsøy kommune og Flora kommune slås
sammen senest fra 1. januar 2020.
Bremanger består som egen kommune.*



Kinn kommune

Sentrale milepælar i samanslåingsprosessen

Hending	2017		2018				2019			
	k3	k4	k1	k2	k3	k4	k1	k2	k3	k4
Tilsette prosjektrådmann										
Utarbeide og vedta prosjektplan										
Etablere prosjektorganisasjon										
Detaljplanlegge kvart delprosjekt										
Utgreie og vedtak politisk struktur										
Utgreie og vedta administrativ struktur										
Detaljplanleggje i kvart delprosjekt										
Tilsette toppleiargruppe og andre sentrale stillingar.										
Siste førebuingar til samanslåing										

Dato 29.06.17	Adm leiargruppe	Florø	<ul style="list-style-type: none"> Første møte for å bli kjende samt sjå på eksisterande organisering av kommunane. 	
Dato 25.08.17	K.styrene	Raudeberg	<ul style="list-style-type: none"> Felles kommunestyre 	Formelt møte innkalla av fm.
Dato 05.09.17	Fellesnemnda	Florø	<ul style="list-style-type: none"> Status arbeid med rekruttering av prosjektrådmann. Arbeide med prosjektplan. Prosess for rekruttering av prosjektleiar Møteplan for Fellesnemnda 	Ordførarane må i forkant ha gjennomført samtalar med rådmennene. F
Dato 18.09.17	Adm leiargruppe	Måløy	<ul style="list-style-type: none"> Arbeide med prosjektorganisering 	
Dato 19.09.17	Fellesnemnda	Måløy	<ul style="list-style-type: none"> *Møtet er aktuelt dersom stillinga som prosjektrådmann skal lysast ut eksternt. Godkjenning av utlysning og råmar for stillinga. Vedta prosjektplan 	I forkant må det evt lagast råmar og framlegg til utlysning.
Dato 26.09.17	Fellesnemnda	Måløy	<ul style="list-style-type: none"> *Møtet er aktuelt dersom intern rekruttering av prosjektrådmann Tilsettingsvedtak. Vedta prosjektplan 	I forkant må det evt gjerast eit arbeid med råmane for slik tilsetting.
Dato 16.10.17	leiargruppe	Florø	<ul style="list-style-type: none"> Arbeide vidare med prosjektplan/prosjektorganisering 	Førebles framlegg til prosjektplan blir sendt ut i forkant.
Dato 31.10.17	Fellesnemnda	Florø	<ul style="list-style-type: none"> Dersom stillinga som prosjektleiar skal lysast ut eksternt så tilsettingsvedtak. Arbeid med utfordringar knytt til deltema i prosessen. Starte arbeid med politisk organisering av Kinn kommune. 	I forkant må det gjerast eit arbeid med utveljing og intervju, samt lage innstilling.


5.4 Prinsipper for administrativ programorganisering

- Intensjonsavtalens føringer legges til grunn for den administrative programorganiseringen med særlig vekt på kapitlene om:
 - Kommunale tjenester
 - Økonomisk politikk bærekraftig økonomi
 - Kommunen som arbeidsgiver (herunder kompetanseutvikling, digitalisering og innovasjon)
 - Samfunn og samfunnsutvikling
- Det etableres egne prosjekt for alle områder/tema som vil bli berørt av sammenslåingsprosessen (ingen tema bør være «uplassert»)
- Det tas særlig hensyn til ivaretagelsen av sektorovergripende tema så som:
 - Digitalisering
 - Kommunikasjon
 - Disse fange vi opp i samfunnsdelen.


- Ledere av alle administrative delprosjekt rapporter direkte til **programleder**.
- Prosjektledere **frikjøpes** fra deler av sin stilling for å kunne prioritere prosjektarbeidet. Graden av frikjøp avhenger av størrelsen på prosjektet som skal ledes.
- Bruk av **ekstern prosjektlederkompetanse** vurderes i prosjekter som er særlig omfattende og/eller krever en prosjektlederkompetanse som kommunene selv ikke besitter.
- Prosjektgruppene og arbeidsgruppene **settes sammen med vekt på**: fagkompetanse, erfaring fra prosjektarbeid og balanse/representativitet når det gjelder kommune, alder og kjønn.
- Prosjektgruppenes hovedoppgave er å **produsere leveranser til programmet**. For å fungere effektivt bør ikke prosjektgruppene ha mer enn 4-6 faste prosjektmedarbeidere (to eller tre representanter fra hver kommune).
- Sammensetningen av prosjektgruppene **kan justeres** avhengig av hvilken kompetanse som er nødvendig i ulike faser av prosjektet.

- Det nedsettes **egne arbeidsgrupper** for å utrede spesifikke problemstillinger, vurdere ulike alternativ eller foreta andre saks- og tidsavgrensede oppgaver. Arbeidsgruppene blir således også et virkemiddel for å ivareta bred involvering i programorganiseringen. Arbeidsgruppenes innsats skal være konsentrert over en kort tidsperiode og gruppen oppløses når deres leveranse er godkjent av prosjektleder
- Involvering av de **ansattes representanter** skal ivaretas i alle programmets faser. Tillitsvalgte bør ha en sentral plass i organiseringen av delprosjektene. Prosjektgruppene som omhandler administrativ organisering (A2) og arbeidsgiverpolitikk (A/P 2) bør ha en tillitsvalgt fra hver av kommunene. De øvrige administrative delprosjektene bør ha én tillitsvalgtrepresentant oppnevnt fra en av de tre kommunene. Tillitsvalgtes representasjon i arbeidsgruppene vurderes etter behov


Administrative prosjekter



Samhandlingsprosjekter mellom politikk og administrasjon



Politiske prosjekter



Alle grupper jobber i utgangspunktet etter følgende metodikk:

1. Utarbeide et kunnskapsgrunnlag for tjenesteområdet som beskriver status, utfordringer, relevante nøkkeltall og statistikk, samt nasjonale og kommunale føringer.
2. Med bakgrunn i kunnskapsgrunnlaget, utarbeide et grunnlagsdokument som beskriver satsningsområder, mål og strategier for tjenesteutviklingen.
3. Med bakgrunn i grunnlagsdokumentet, utarbeide en organisasjonsplan for tjenesteområdet som beskriver organisering, lokalisering og rolle- og funksjonsbeskrivelser.
4. Det skal i arbeidet med grunnlagsdokumentet og organisasjonsplanen særlig tas hensyn til målsetningen om ressursoptimalisering og effektivisering av tjenestene. Effektiviseringstiltakene skal dokumenteres.
5. Arbeidet skal gjennomføres med bred medvirkning og involvering av tillitsvalgte og ansatte. Det skal utarbeides en egen plan for dette som beskriver informasjonstiltak, møteplasser, deltakelse i arbeidsgrupper mm.

Saksframlegg

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
018/17	Fellesnemnda Flora/Vågsøy	PS	26.09.2017

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Rolf Bjarne Sund		17/2474

Informasjon frå rådmennene til Fellesnemnda i møte 26 sept 2017

Framlegg til vedtak:

Orienteringane blir teke til vitande

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.



Saksopplysingar:

Kva saka gjeld:

Innleiing:

Informasjon om pågåande og planlagte store prosjekter i kommunane. Blir lagt fram i møte.

Deltaking på kurs om Digitale konsekvensar ved samanslåing, KS agenda A/S. Blir lagt fram i møte.

Vurdering:

Økonomiske konsekvensar:

Miljømessige konsekvensar:

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar mm: